

FAUSKIVALEN 2013

Hemsedal 23. - 24. august • Rocka folkemusikk og folkeleg rockemusikk



VAMP

STEIN TORLEIF BJELLA

HEKLA STÅLSTRENGA

BERGOS BERME

KJETIL LILLEÅS

LONGHORN

AUDUN HAUGEPLASS

HENNING KLEVMARK

Velkomen til FAUSKIVALEN 2013

FREDAG 23. AUGUST – LAURDAG 24. AUGUST

Fauskivalen 2013 – fjerde gong

Fauskivalen vart eit begrep i nokre år midt på 80-talet med rock og folkemusikk i låve og garasjeanlegg på Fausko gard. Den gongen berre for moro skuld med samling av massevis av musikkfolk. Det var mest buskspel, dans og leven. Men også kappleik og konserter i uortodoks form.

Rocka folkemusikk og folkeleg rockemusikk

Fauskivalen er ein utprega sjangerblanda festival som gjenoppstod i 2010 under arbeidstittelen «rocka folkemusikk og folkeleg rockemusikk», med mål om å etablere seg på det norske festivalkartet. 2013 blir den fjerde i rekka etter nylanseringa. Fauskivalen er blant veldig få reindyrka musikkfestivalar i Hallingdal, og kanskje den einaste i sjangeren blues, folk og rock. Eg håpar Fauskivalen skal finne si form i same ånd som "in the good old days" med musikkglede og gode musikkopplevelingar i eit landleg miljø, gjerne på ein slik måte at publikum skal få oppleva musikk dei ikkje visste at dei ville like.

Innadørs og utadørs kulturhus

Fausko Skysstasjon vart etablert i 1870. I år

er det 20 år sidan nyrestaureringa av Skysstasjonen. 20 år med utvikling og nyskaping, frå kurs og gjestegard.. til det ein i dag kan kalle ein allsidig arrangementsgard.

Det nybygde amfiet ved sida av gjestegarden har 1200 sitteplassar, perfekt innretta mot ettermiddagssola, og god tilrettelegging elles for servering, parkering osv. Eit utadørs kulturhus for kompakte konsertopplevelingar som i år blir supplert av det nye innadørs «kulturhuset» på låven. Låven på Fausko er under utvikling som konsert og arrangementslokale, med tanke på heilårs bruk.

Fredag kveld blir det festivalstart med ofisiell opning, og eg tenker at knapt noko kan høve betre for ein slik historisk augneblink enn Stein Torleif Bjella med band. Og deretter vil det bli full testing av konsertlokalet med Magnar Bergos 11-manns blues og soulbesetning. Låven blir også staden for dei 200 heldige som har sikra seg billett til banketten på laurdag kveld.

**Laurdag ettermiddag - fem timer
non stop konserter på Fausko amfi**

På fire år har nærmare 30 band spelt på amfiet under Fauskivalen og påskekonsertane. Erik

Wollo, Sver, Staut, Betales, Hjerterknekkt, Plumbo, Hellbillies m.m. har krydra plakatane. I år toppar me konsertane med Vamp, som for første gong gjestar Hemsedal! Vamp, ei av dei største suksesshistoriene i norsk musikk, lovar gjenhør med mange kjente og kjære songar i seinsommarkvelden. Men innan Vamp entrar scenen, blir det konsertstemning med countrybandet Longhorn frå Lærdal, Kjetil Lilleås frå Gol som platedebuterer med saftig bluesband og Tromsøgruppa Hekla stålstreng, av det ypparste i norsk folkemusikk. Det er berre å glede seg.

Velkommen

Eg meiner Fauskivalen har funne si form og sin plass blant eit mangfaldig sommartilbod i Hemsedal. Dette blir den mest heilstøypte Fauskivalen til no. Festivalar er sentrale som sosiale treffpunkt i vår tid, og det er moro å vera ein del av det norske festival-landskapet. Det blir litt ekstra liv i bygda, både med handel i sentrum og tilbod på utestadane.

Eg har sett stor pris på positiv støtte og også økonomisk støtte til næringsutvikling frå Hemsedal kommune. Turistbygda Hemsedal med den gode drahjelpa frå turistkontoret er til



Knut Fausko

uvurderleg hjelp og fortener ein stor takk. Like eins stor takk til lokalt næringsliv for sponsoring og annonsering. Utover det er det ein super stab av entusiastar og gode medarbeidarar, utan desse blir det ingen festival. Men først og fremst takk til publikum som har møtt opp på arrangementa.


*Velkommen tilbake til Fauskivalen 2013!
Helsing stasjonshaldaren*

Vamp til Hemsedal**For første gong vil
Vamp gjeste Hemsedal!**

Frontfigur Øyvind Staveland fortel at Vamp har vore nesten alle stader her i landet – og dei gledar seg ekstra til å koma til Hemsedal, nettopp for at det no er første gong her.

I år har det Haugesundbaserte bandet Vamp 20-års jubileum som plateartist. Dei har halde på i 22 år, men den første utgjevinga, «God morgen søster», kom ut i 1993. Jubileet blir markert med samleplata «To med alt» som blir slept i august, rett før dei kjem til Hemsedal.

Det er berre å glede seg til konsert på Fausko Amfi!





På 60-tallet var det «noen lyse hoder» som ville bygge alpinanlegg – og det ble suksess! I dag er Hemsedal Skisenter en av Norges største og mest veldrevne skisenter, der Skistar er en viktig motor for Hemsedal på vinterstid. Siste vintersesong var det over 500.000 besøkende i Hemsedal Skisenter.



Skandinavias alper.

Både sommer og vinter. Det finnes mange flotte fjelldestinasjoner her i Norge, men Hemsedal har vi den spesielle blandingen av vestlandsnatur og østlandsclimate. Her er det oftest tørre, gode vintre, og med gode snøforhold. På sommeren er det frodig og perfekt for aktiviteter ute i det fri. Fjellene er et tilgjengelig alpelandskap, og derfor også kalt «Skandinavias Alper». Med visjonen «Skandinavias beste ski – og fjelldestinasjon» passer dette utmerket.



Fauskivalen, etablert av festivalsjefen og innhaveren av Fausko, Knut Fausko, har bygd opp denne over flere år, og dette arrangementet har nå blitt en viktig del av det som foregår i bygda. Her er det kultur, musikk og foredrag på kulturgården og den gamle skysstasjonen fra 1870. Det finnes knapt hyggeligere omgivelser enn det gården Fausko har å by på. Det at et av Norges beste liveband, Vamp, kommer på årets festival, er ekstra hyggelig!

HEMSEDAL: TURIST- BYGDA

Hemsedal har lang erfaring med reiseliv. Allerede på 1900-tallet kom de første hotellene, og flere av de drives fortsatt av de samme familiene som i sin tid startet opp.

I 1939 ble Hemsedal Turisttrafikklag, HTTL etablert og selskapet består den dag i dag, med samme navn og formål som den gang – men der man stadig har evnet å fornye seg i takt med tiden.

Bygda har utviklet seg til å bli en av Norges største reiselivsdestinasjoner, med mellom 600.000 og 700.000 kommersielle gjestedøgn i året. Med det samlende ledd som HTTL representerer, der hele næringslivet i bygda er representert, er vi stolte av at dette selskapet som til neste år feirer 75-årsjubileum fortsatt er i beste velgående, og vi tar sikte på nye 75 år!

I dag har Hemsedals offisielle nettside nærmere 800.000 besøkende, Facebook-siden har nærmere 9.000 likes, og man er aktiv i sosiale medier så vel som i ulike nasjonale og internasjonale medier.

*Hjertelig velkommen til
hyggelige dager i Hemsedal!*


For meg som turistsjef i denne bygda, er det en glede å kunne ønske både hemsedåler, hallingdåler og alle andre gjester hjertelig velkommen til alt det vi har å by på i bygda. Vi gleder oss til å kose oss sammen med dere!



Marianne Grodås




Arrangørstedet. Hemsedal har tatt mål av seg å bli arena for store og små arrangement, både innen kultur, musikk, mat og sportslige aktiviteter. I et ledd i destinasjonsutviklingen kommer arrangement som en viktig bærebjelke. Arrangement skaper liv og røre, mangfold, mange tilreisende og fin markedsføring. Her i Hemsedal er vi vant med å være vertskap, og vi gleder oss også til å være vertskap på årets Fauskival.



Opplev Hemsedal! Og mens dere er her; nyt musikken, de hyggelige opplevelsene, den gode maten og ikke minst naturen! Vi anbefaler mange av våre aktiviteter. Vi tilbyr elvesnorkling og elgsafari, Via Ferrata, fjellklatring, downhill og sykkelutleie. Her er det sykkelruter for enhver smak. Vi anbefaler også «Topp 20» – vårt mest populære vandreprodukt, der man kan bestige 20 topptopp, og der vi har graderte løyper fra de grønne og enkleste til de lengre og mer krevende sorte løypene. I tillegg har vi mange stier over hele bygda. Hva med et besøk til buldresteinen og klatreapparatene ved elva i sentrum av Hemsedal?



Vi anbefaler også et besøk til Rjukandefoss – et skue verd, en tur med stolheisen på toppen av bakken – med en kaffe og vaffel på Fjellkafeen, eller et besøk på Skarsnuten, som ligger på 1.000 moh og med nydelig utsikt. I tillegg anbefaler vi alle de gode restaurantene, utedestene og de flotte stølene.



BERGOS BERME

Det er 50 år sidan Magnar Bergo debuterte med Hallingdals første Beatband *The Clinkers* (1963-1967) på Nesbyen.

I dette bandet var også Arne Moslåtten og Arne Sandum med. Mens desse to fekk på seg boots og koncentrerte seg om country-rock med Hellbillies, tok Magnar på seg mørke solbriller og koncentrerte seg om «Classic Soul & Vintage R&B».

For 4 år sidan tromma Magnar Bergo

saman nokon av sine favorittmedspelarar frå eit langt musikarliv for å spela sitt favoritrepertoar. No er *Bergo's Berme* klar for oppdrag.

Bandet teller 11 medlemer og stiller med full blåserekke og tre vokalistar. Grunnkompet i bandet turnerte saman allereie sommaren '67 med bandet *West Avenue Orchestra* som gjorde mange spelejobbar i Hallingdal.

Har du sansen for Sam Cooke, Fats Domino, Wilson Pickett, Solomon Burke, Booker T & the MG's og dei gamle soulheltane vil du nok seta pris på «Bermen's versjoner av desse, men du vil også få høre souleversionar av låtar frå andre artistar heilt frå '50 tallet og fram til i dag.

Alt dette, og meir til, lovar det beste for at du vil forlate Fausko etter denne helga med rykning i foten og eit smil i munnvika...

Bergo's Berme stiller med sin fyrste-elver:

- Richard Fjerdingstad, vokal/perk
- Miriam Syvertsen, vokal
- Oda Hveem, tenorsax/fløyte
- Sara Nordal, barytonsax
- Ove Helset, trompet
- Kari Sørensen, trombone
- Snorre Opsahl, piano/orgel/vokal
- Håkon Høye, gitar/vokal
- Jon Egil Brekke, gitar /vokal
- Tor Eilev Almankås, bass/vokal
- Magnar Bergo, trommer

Sjå også:

www.facebook.com/BergosBerme

STEIN TORLEIF BJELLA

Stein Torleif Bjella starta som så mange andre aspirerande popstjerner med å spele i band, både eigne og andres.

Med bandet Tolv Volt kom Bjella ut med to kritikarroste, men sørgeleg forbıgåtte plater. DumDumBoys-gitaristen Kjartan Kristiansen var involvert i det andre Tolv Volt-albumet, og har etter det fortsatt samarbeidet med Bjella.

Frå studioet til Kjartan i Oslo kom albumet *Heidersmenn* i 2009. Fyrstesingel *Kamerat mot kamerat* dura jamt og trutt på radioen i lengre tid. *Heidersmenn* vart mottatt med ovasjonar i ei samla presse og vart nominert til to Spellemannsprisar, beste viseplate og beste tekstar.

Slik vart forventningene til det andre albumet *Vonde Visu* uvanleg høge. Men alle forventningar vart meir enn innfridd, albumet vart denne gongen stort sett spelt inn på eit hotellrom i Trondheim, og viser ein enda nærrare og sikrare Bjella. Songane handla framleis om små og store menneskeskjebner utanfor allfarveg, men dei trengte enda djupare og var velsigna med enda vakrare melodiar. Plata mottok nok ein gong fantastiske anmeldingar og denne gongen var det platekjøpende publikum også med. *Vonde Visu* lå 21 uker på VG-lista med 3. plass som bestenotering. Suksessen har vorte fylgd opp med kritikar roste konserturnear, Spellemannpris og Prøysenpris.

Stein Torleif Bjella, vokal/gitar.
Band: Tor Egil Kreken, kontrabass/kor. Marita Igelkjøn, piano, trekkspill, sag etc./kor. Mari Sandvær Kreken, mandolin etc./kor
Marius Graf, gitar/kor.



KJETIL LILLEÅS GOES AMERICANA

Kjetil driv som teater og musikk-lærar på Romerike folkehøg-skule. Han trakterer gitar, piano og slagverk, og er aktiv både i storband og jazzband. Kjetil er opphaveleg frå Gol, og har alltid drøymt om å bli rockestjerne.

I 1991 gav han ut ei av tidenes mest populære lokale musikkutgjevingar i Hallingdal, *Hallingsvall*. Den gongen utgitt på kassett, og relansert på cd for eit par år sidan.

I 2013 goes Kjetil Americana! Med sitt musikkfald har det vakse fram

eit organisk musikkprodukt med 12 nykomponerte spor, der Kjetil er låtsmed på tekst og melodi.

Musikken har ein bluesfeeling i tekstar, sound og tilnærming, influert av Dylan, The Band, Rolling Stones, Hiatt m.fl. Og bandet er meir enn anständig bra!



HENNING KLEVMARK

Henning Klevmark, låtskrivar, sanger og gitarist i gruppa Hjerterknekta, kjem til Fauskivalen 2013.

Dette er tredje året på rad at han deltar på Fauskivalen, først med gruppa Hjerterknekta og sedan aleine. Henning har saman med Hjerterknekta gitt ut åtte studioalbum sidan debuten for 20 år sedan.

.. og seinast i juni i år, kom plata *Spor*. Det er eit akustisk album, med stor vekt på nærheit til stemme og tekst. Nettopp dette er noko av styrken til Hjerterknekta, meiner Atle Bredal i NRK P1.

Henning og sangane hans vart svært godt mottatt i fjar, og som på same måte som den gongen, vil Henning spela og syngne sine sanger for eit lyttande publikum i Årestugu på Fausko klokka 13 på laurdagen. Men gjennør for dei som er så heldige og har sikra seg plass på banketten på låven på Fausko laurdag kveld.

LONGHORN

Longhorn er ei countrygruppe frå Lærdal i Indre Sogn som har spelt sidan 80 talet. Longhorn er eit ettertraka festivalband på mange av landets country-festivalar.

Grunnstammen i gruppa er:

- Kristen Olav Grøttebø-vokal, Magne Grøttebø-gitar/vokal.
- Steinar Kvigne-trommer/vokal.
- Ragnar Sanden-bass.
- Gudmund B. Skjær, gitar.

I tillegg til den faste besetninga har dei ofte med Dag Wolf eller Egil Skjeldnes på steelgitar, og Tom Karlsrud på trekkspel.

14. juni 2013 vart CD'en *Hometown street* slept.

AUDUN HAUGEPLASS

Audun Haugeplass, tidlegare vokalist og bassist i The Holstein United Bluegrass Boys, er ute med soloalbumet *On Rocks And Earth* på plateselskapet Kvarts.

Med jordnært strengespill og lys falsett, med tekstar som fortel historier om hendingar, natur og menneske i Haugeplass sine eigne Blue Ridge Mountains, og med instrument som bind musikalske tradisjonar på to sider av Atlanteren saman, hyllar Haugeplass eit stille, men rikt landsens liv. Nokon av dikta til Margit Lappegard (1918-2011) er audmjukt bearbeida og smelta saman med nyskrivne bluegrassliner.

Med seg på scena har Haugeplass gitar, plekter og sin eminente korist Audun Moen. Duoen Haugeplass / Moen blir å høre på intim-konsert i Årestugu, på amfiet og på lâvescenen under banketten.

BANKETT PÅ LÅVEN

Laurdag kl 21.00. 200 plassar!

På Fauskivalen 2012 var det generalprøve med mat og musikk på låven på laurdag kveld. Låven har framleis atmosfære og eim av høy, treskeverk og hestereidskapar. Men sidan sist har det 300 m² store låveloftet vorte isolert, konstruksjonane forsterka, anrettning og scene har vorte bygd.

Banketten laurdag kveld er den store finalen og den eksklusive delen av Fauskivalen. I år blir banketten på låven natta lang med god 3-retters middag og musikalsk entertaining av festivalmusikarane. Dette er den store kvelden for musikk, mat og vinglade folk.. for vennegjengen, hyttegjengen, firmagruppa. NB! Max 200 plassar, førehandsting!

Musikalsk entertaining

Publikum vil få oppleve fleire av festivalmusikarane med musikalsk entertaining i laus snipp. Audun Haugeplass, Henning Klevmark, Kjetil Lilleås band og div. lokale artistar er klare. Det kan både bli meir Hekla stålstrenga og a capella innslag frå Bergos bandmedlemer.. Og tradisjon tru vil nok fleire hive seg med, det er rift om å få sleppe til på scenen denne kvelden. Og som ein god finale skal vera, vil årets låveband, Bergos Berme, rocke stemninga opp i låvetaket dei siste nattetimane.



VAMP

Vamp er ei av dei største suksesshistoriene i norsk musikkliv, både live og på plate!

Ved sida av fem Spellemann-priser har Vamp innkassert det som er av betydningsfulle prisar og hedersbevisningar.

Hausten 2012 kom Vamp med si tretande plateutgjeving, *Liten fuggel*. San-

gen *Liten fuggel* har vorte ein av Vamps mange store hits.

Konserten på Fausko Amfi den 24.08 er tilpassa eit sommarleg publikum med gjenhør av mange Vamps songar som kler ein seinsommarkveld.

Besetning: Øyvind Staveland, Calle Ape-land og Torbjørn Økland (de opprinnelege

vampane), Odin Staveland på perkusjon, piano og vokal, Paul Hansen på vokal og gitar, Torstein Lofthus på trommer og Geir Sundstøl på gitar, steelgitar, elpiano og munnspel.

Opplev Vamp på Fauskivalen 2013 på Fausko Amfi, Hemsedal, laurdag 24.08.13 kl 18.00!



JON GANGDAL

Forfattar og fjellklatrar Jon Gangdal er med for fjerde året på rad på Fauskivalen. Etter sine fengande fordrag om tindesportens historie og Himalayas magi dei føregåande åra følger Jon opp denne gongen med:

«Alle reiser er en omvei hjem»

Fra Hemsedal til Himalaya – og tilbake igjen

På låven laurdag 24.08 kl 11.00

Jon Gangdal fortel og viser bilder frå eit bratt liv som førte han til Hemsedal i 1979, og deretter til Alpene, Sør-Amerika og Himalaya. Etter mange år på veg til dei høgste fjella i verda, vender han no tilbake til gamle tomter i Hemsedal – og den gode, enkle fjellgleden.



HEKLA STÅLSTRENGA

Hekla Stålstrenga er eit mykke brukt og ettertrakta festivalband.

Kunstnerisk heilt unikt.

Ingen andre norske band som gjør folke-musikkinspirert populærmusikk som Hekla Stålstrenga. Musikken er på sitt nordnorske vis jordnær, ektefølt, livleg og energisk. Med heile 12 veker på A-lista på NRK P1

hausten 2012 med låta *Folketonen* og hit-en *Har du fyr*, har Hekla Stålstrenga vorte eitt av Norges favorittband. Hausten 2013 gir bandet ut nytt album med såre ballader og livlege riff – alt i ekte Hekla-stil!

Bandet består av Ragnhild Furebotten (fele og låtskrivar), Tore Bruvoll (gitarar og låtskrivar), Anne Nymo Trulsen (sang, trøorgel

og låtskrivar), Trond-Viggo Solås (bass) og Ole-Jakob Larsen (trommer).

Bandet er heilnordnorsk og opptatt av å ivareta dei nordnorske songtradisjonene, så vel som å skape ny musikk til gamle tekstar. Samlede medlemer er profesjonelle og høgt profilerte musikkarar som nyt stor respekt nasjonalt og internasjonalt innanfor sin sjanger.



Håkon og gofa på skitur i Holdeskaret påskken 1983

EiendomsMegler i Fjellmegleren, Hemsedal og SpareBank i Hallingdal valdres har forankringer i lokalmiljøet. Vi kjenner dalen godt. Vi vet hvor skiløypene går, hvor den fine sykkelturen kan legges eller hvor du skal dra om du ønsker en stille og rolig kveld med din kjære.

Vi har lang og bred erfaring med kjøp og salg av eiendom i Hemsedal. Kontakt oss i dag for en trivelig prat midt i Hemsedal sentrum.

-vi kan Hemsedal!

Håkon
Eiendomsmegler
41 33 43 70



Irene
Meglerkontor
32 05 52 00



Øystein
Eiendomsmegler
99 57 47 61



www.em1.no/hemsedal
www.sb1.no



Gore-Tex

Jakker og bukser

½ pris

Fjell-sko ÷ 40%



Tlf. 32 06 03 50



HØSTSALGET STARTER

En mengde varer

-30-50%

Bl.a fra lev. Lexington, Gant og Canada Goose

Stort utvalg av tepper

-50%



Hemsedal Møbler as

Rampa kjøpesenter - N-3650 Hemsedal - Tlf.: 32 05 55 55

Møbler
Interiør
Kjøkken
Gaver
Innredninger
Rådgivning

SOMMERSALGET FORTSETTER!

-50%
på div. sko
fra Timberland
og Sorell

**50
-70%**

NYHETER:
Kåper/jakker
fra Parajumpers

**Finbeck
og Fia**

Rampa Kjøpesenter 3560 Hemsedal
Tlf. 32 06 06 90

ANEMONE • TIMO • CLARIE • CAMBIO • KATRIN URI • LINE OF OSLO • GANT DAME/HERRE
MOODS OF NORWAY • ELISA CAVALETTI • SECOND FEMALE • NAPAPIJRI • PARAJUMPERS • MET

TROND SLYNGSTADLI

Siden 1990 har Trond Slyngstadli rukket å utmerke seg som en av Scandinavias fremste entertainere.

Han har turnert konstant siden 1990 med ca. 2-300 spillejobber i året fortrinnsvis i Norge og Sverige, men har også spilt i land som Danmark, Italia, Hellas, Østerrike, England, Spania, Frankrike.

For de fleste er nok Trond mest kjent for sin innsats innen «After-Ski» og mange har nok opplevd ham på AfterSkien på «GARA-SJEN» i Hemsedal. Hvor han har var et fast innslag i sesongene 1991-2010

Trond har jobbet tett med bl.a. Norges skiforbund på eventer som VM i Oslo 2011 hvor han sammen med sitt band sto for VIP underholdningen etter premieutdelingene.

Han har også reist sammen med det norske alpinlandslaget og underholdt på WC og OL rundt i Europa.



Hemsedal Cafe inviterer til

LATE NIGHT PIANO

med Trond Slyngstadli fra kl. 22.00 23. og 24. august



Kjøkkenet holder åpent til kl 23.00.

For bordreservasjoner: 320 55 410 eller cafен@gohemsedal.com


*SKISTAR.COM

Nedtellingen har begynt!

Dette skjer i
skisenteret før jul:

- I. nov **Sesongåpning**
- I. des **Juletrettening** med nissebesøk og julesanger
- 7.-8. des **Hemsedal Skitesthelg** – test sesongens nyheter på ski og snowboard
- 7. des **Hemsedal Junior Park Attack** – konkurranser i parken for 6-15 åringer

HEMSEDAL*



Hemsedals nye storstue!

Hemsedal Turistkontor åpner fredag 23. august, kl. 14.00

Vi er stolte og glade over å ønske deg velkommen til Hemsedal Turistkontors nye lokaler. Her får du råd, tips, informasjon og brosjyrer om alt som skjer i Hemsedal og omegn. I tillegg møter du våre kyndige kjentfolk, som gjerne hjelper deg med påmelding til passende aktiviteter og arrangement.

Åpningstider under Fauskivalen:

Fredag kl. 09 – 16 • Lørdag kl. 09 – 15 • Søndag kl. 12 – 15

Kom innom på lørdag og få kaffe og kaker!

HEMSEDAL.

SKANDINAVIAS ALPER

VEKOMMEN TIL HEMSEDAL VEKSTHUS!

Fredag 23. august åpner vi dørene i
Hemsedals nye samlingspunkt
strategisk plassert midt i sentrum!

En av de mest attraktive plassene/lokalene i sentrum skal benyttes til det beste for Hemsedal ved å lage et felles ankomst- og informasjonssenter for bygda samt et lite arnested for oppstartsvirksomheter.

Ambisjonen med Hemsedal Veksthus er å ha et felles promoteringsmiljø for bygdas aktiviteter samt være et arnested og en fødselshjelp hvor man raskt kan knytte kontakter for de som ønsker å slå seg ned i bygda og utvikle egen virksomhet.

Hemsedal Veksthus skal danne grobunn for å samle kompetanse og stimulere til økt

samarbeide, kunnskapsdeling og utvikling i bygda.

Foruten faste leietakere vil det være muligheter for dag eller timesleie av kontor-plass, møterom samt ikke minst eksponering for alle små og store tilbydere av aktiviteter i bygda, alt etter sesong.

Nå er lokalene ferdige og de første leietaerne på plass. Nå gjelder det bare å bruke og videreføre de mulighetene Hemsedal Veksthus står for som en ny institusjon i bygda. Med godt samarbeid er dette prosjektet et bevis på at alt er mulig.

Hemsedal Veksthus AS vil takke Hemsedal Næringsforening som kom opp med ideen samt spesielt takke HTTL, Finbeck & Fia AS, Hemsedal Sport AS, Hemsedal Møbler AS, Tottens Sport AS, Trøim Dagligvare AS, og Jon og Randi Syversbråthen som tente på idéen og stilte opp som garantister.

Videre stor takk til Sparebank 1 Hemsedal og Valdres for å bidra med oppkjøp av lokaliteter og finansiering av ombygging, Hemsedal Kommune ved at de trodde på idéen og så mulighetene for å stille med kontorhotell til oppstartsvirksomheter, samt Hemsedal Turisttrafikklag ved styret som investerte i selskapet samt tok sjansen på å flytte Turistkontoret. Og sist, men ikke minst våre første leietakere Hemsedal Turistkontor, Replan, Hemsedal kommune, Totten Utvikling, Trin, Unit 4 Agresso.

Vi håper vi sammen vil evne å utvikle Hemsedal Veksthus til et flott informasjonssenter for all den aktivitet som syder i bygda, hvor bygdas turister, hytteeiere samt lokalbefolknings kan møtes og hente inspirasjon samt fungere som et oppstartsrom for de som ønsker å utvikle ideer og arbeidsplasser i Hemsedal.

Hemsedal Veksthus AS



expert

Expert Hemsedal tlf: 415 37 890

Besøk også vår Expertbutikk

**Vi har rikt utvalg av hvitevarer,
tv, data, mobil mm.**

Vi utfører alt innen:

- Elektroinstallasjoner
- Parabol/TV anlegg
- Innbrudd og Brannvarsling
- Thermofotografering
- Tele og data, nettverk

- El-sjekk av din bolig, hytte og landbruk
- Landbruksinstallasjoner
- Internkontroll
- El-kontroll



... nær der du er

Ring oss for tilbud

- 415 37 800 -

www.ethas.no

Har du planer om å gjøre noe med hytta?

Vi hjelper deg med å komme i gang!

FIKS OPP HYTTA

TAK • GULV • DØR • VINDU • VINDSPERRE • ISOLASJON • KLEDNING

I SAMARBEID MED:



natre

LYSSAND

MOELVEN

BERGENE HOLM AS

GLAVA ISOLASJON

ROCKWOOL

isola

ACO

MONIER

Montér Nesbyen
Adresse: Alfarvegen
Telefon: 48 24 70 00

Montér Gol
Adresse: Elvevegen 10
Telefon: 41 75 30 00

Montér Geilo
Adresse: Skurdalsv. 80
Telefon: 41 73 70 00

Montér Ål
Adresse: Myren 2
Telefon: 41 73 40 00

Montér Hemsedal
Adresse: Svø Næringspark
Telefon: 41 78 90 00



Åpningstider:
Mandag - fredag: 07:00 - 17:00
Lørdag: 09:00 - 14:00

monter.no

Montér



FAUSKIVALEN 2013

PROGRAM

Fredag 23. august

- 20.00 Dørane opnar.
Offisiell opning av
låven på Fausko som
ny konsertarena
- 21.00 Stein Torleif Bjella
med band
- 22.30 Bergos Berme
11-manns band,
60-tals soul og
rhythm & blues

Laurdag 24. august

- 11.00 Dansekurs på låven
- 12.00 Fjellforedrag på låven
v/Jon Gangdal
- 13.00 Audun Haugeplass
Henning Klevmark
Unplugged i Årestugu
- 14.00 Grill og Bar opnar
på Fausko Amfi
- 15.00 Longhorn
- 16.00 Kjetil Lilleås
Goes Americana
- 17.00 Hekla stålstrenga
- 18.00 Vamp

Dansekurs på låven

Laurdag kl 11.00.
Bli med på formiddagsdans med
innføring i reinlender, polka og swing.
Instruktørar og spelemenn:
Astri Sudmann, Arne Anderdal,
Birger Liahagen

- 21.00 Bankett på låven
(Max 200 plassar)

Festivalmiddag med
entertaining ved
festivalmusikarane

- 23.00 Bergos Berme

Arrangør: Fausko Skystasjon • www.fausko.no

PRISAR

Fredag kveld	300,-
Laurdagspass inkl. Vamp	600,-
Alle arrangement kl. 11.00-20.00	
Vamp Inngang frå kl. 17.00	450,-
Festivalpass	800,-
Fredag kveld + laurdag kl. 11.00-20.00	
Bankett	650,-
Bestilling: knut@fausko.no, tlf: 93 00 13 20	
Festivalpass og bankett	1400,-
Laurdagspass og bankett	1150,-
NB! Alle prisar er eks. avgifter til Billettservice	

Kjøp billettar på:

billettservice

ticketmaster* Norge

www.billettservice.no

tlf. 815 33 133

Billettar, unntatt bankett, kan også kjøpast
ved inngang, dersom ledig plass.



BU

FAUSKO SKYSSSTASJON:

Fult

CAMPING PÅ FAUSKO

Det er plass for campingvogner og telt
nær festivalområdet med tilgang til sa-
nitæreranlegg. Kontakt: knut@fausko.no,
93 00 13 20

HYTTER I NABOLAGET

med gangavstand til Fausko.
Kontakt: knut@fausko.no,
93 00 13 20

HULBAK CAMPING

med gangavstand til Fausko.
Kontakt: info@hulbak.com,
91 78 70 21

RJUKANEFØSS CAMPING

Gangavstand 1 km.
Tlf: 32 06 21 74

HOTELL OG LEILEGHEITER I HEMSEDAL

Avstand frå Fausko: 3-5 km.
Bestilling på www.hemsedal.com eller
www.skistar.com

Eller direkte til:

Fanitullen Hotell
www.fanitullen.no
32 06 06 00

Fossheim Hotell
velkommen@fossheim.com
32 06 03 15

Skarsnuten Hotell
booking@skarsnutenhotel.no
32 06 17 00

Skogstad Hotell
post@skogstadhotell.no
32 05 50 00

Alpin Lodge
hemsedalbooking@skistar.com
815 56 300

Hemsedal Cafe
www.gohemsedal.com
32 05 54 10

Hytter og leilegheiter
hemsedalbooking@skistar.com
815 56 300

Fauskivalen er også støttet av:
Hemsedal Turisttrafikklag og
Hemsedal kommune



HEMSEDAL MASKINLAG



Takk også til våre annonsørar